

Innspel til kommuneplanens arealdel, saksnummer 2025/2590

Innspelet gjeld ein del av eigedomen min i 56/1 i Havsdalslie, Geilo, som er avsett til fritidsbebyggelse i gjeldande kommuneplan (vedlagt kartutsnitt 1), men som no i forslag til revidert kommuneplan er endra frå fritidsbebyggelse til LNF-omåde (kartutsnitt 2).

Innspelet gjeld også byggeområdet KBA30 Geilohovda som er lagt inn i planforslaget og avsett til nasjonalparksenter med tilhøyrande funksjonar som utstilling, formidling, servering og administrasjon.

Som ny eigar av garden Søre Aaker, 56/1, ber eg om at området mitt i Havsdalslia beheld eksisterande planstatus fritidsbebyggelse i den reviderte kommuneplanen for 2024-2036.

Dette området i Havsdalslia, ca 71 daa, ligg i småkupert terreng i bjørkeskogen under tregrensa, like aust for stølane og Fjellheisen, og er ein del av eit større **samanhengande** område i Havsdalslia avsett til hytter, der bønder med støl på Havsdalen eig kvar sin rem. Det er difor ikkje snakk om eit nytt område som skal utbyggast.

Havsdalen er eit gammalt og godt etablert hytteområde der støling, beiting, turisme og hytteutbygging har fungert godt saman med få konflikhtar.

I Havsdalsområdet er det forutan stølar med store beiteområder, hyttefelt, to skitrek med fleire nedfartsløyper, fleire tilrettelagte stigar og oppkøyrt skiløyper samt ein sterkt trafikkert sommarbilveg til Prestholt.

Det er altså ikkje snakk om urørt natur med lite trafikk, der villreinen vil finne det naturleg å ferdast.

Kommunen har tidlegare bygd ein bilveg gjennom det nemnte området mitt i samband med vassledning frå Budalen. Det er inngått ei avtale med kommunen om oppkøyring av ei mykje brukt skiløype langs denne vegen. Det går også ei høgspentline gjennom området. Hallingdal Kraftnett auka nyleg kapasiteten på straumforsyninga i heile Havsdalslia. Arealet ligg nær kommunalt vatn- og avløpssystem.

I nord og vest grensar det aktuelle området til resten av eigedomen vår i Havsdalslia, som vart avsett til LNF-område ved revidering av dei forrige kommuneplanane. Dette området grensar vidare inn til Øvre Havsdalen Sameige (fleire tusen mål utan bebyggelse).

I sør grensar området til 56/4 (Harald Hagen). Han fekk her godkjent ein reguleringsplan i 2019 med 72 nye hytter i tillegg til eksisterande hytter (utbygging ikkje igangsett enno). Det er vanskeleg å forstå kva logikken er, når det på naboeigedomen er gitt løyve til bygging av 72 nye hytter, mens det i mitt tilgrensande område som er likt både når det gjeld naturtype, topografi og beliggenheit, er forslag om byggjeforbud. Forskjellsbehandlinga blir svært urettvis og tilfeldig.

I fire generasjonar, heilt sidan Bergensbanen kom, har turisme i form av hyttebygging, hytteutleige og eit forsiktig sal av tomter i Havsdalsområdet vore ei viktig attåttnæring for garden Søre Aaker, og har gjort det mogleg å drive aktivt jordbruk med husdyr. Det har i alle desse åra blitt lagt vekt på ei varsam utbygging tufta på **langsiktig** planlegging og forvaltning, slik at også komande generasjonar skal få den same moglegheiten.

Om planstatusen for dette arealet blir endra til LNF-område, vil det vera eit stort tap for garden Søre Aaker. Hyttetomtene har i alle år vore ein sikkerheit for gardsdrifta, ikkje minst etterkvart som jordbruk kastar mindre og mindre av seg. Dei har såleis gjort det mogleg med langsiktig planlegging i jordbruksnæringa.

Er ein redd for auka trafikk inn i sårbare naturområder og inn i villreinen sitt leveområde, bør ein også avvise planane om bygging av eit nasjonalparksenter på Geilohovda - området KBA30 Geilohovda på 15,5 daa som no er foreslått lagt inn i kommuneplanen. Ein gondol med kapasitet på opptil 4 000 i timen skal frakte turistar opp til og ut i området Havsdalen/Prestholt. Dette området ligg etter det eg forstår, inntil/i leveområdet for villreinen. Gondolen skal finansierast med bygging av fleire hundre einingar ved Havsdalen Skisenter.

Likevel er det mitt område nede i lauvskogen som blir bandlagt.

Eit stort nasjonalparksenter, ein gondol med enorm kapasitet samt bygging av store leilighetsbygg/hotell i Havsdalsområdet blir på dette viset prioritert i kommuneplanen på bekostning av jordbruksnæringa som frå før er sterkt nedleggingstruga. Eit viktig spørsmål blir då om jordbruksnæringa med beitedyr fortsatt skal ha moglegheit til å eksistere i Havsdalsområdet eller om heile området kun skal bli eit enormt turistområde.

Eg håpar kommunestyrerepresentantane tek på største alvor det store ansvaret dei har for korleis areala i kommunen skal forvaltast, slik at dei få aktive gardsbruka som er att i kommunen, ikkje blir overkøyrt og mistar råderetten over gardane sine utmarksverdiar, slik at det blir endå vanskelegare å halde gardane i drift. Som næringsdrivande må det også for oss vera forutsigbare og langsiktige rammevilkår.

Eg ber difor om at området tilhøyrande Søre Aaker, 56/1, i Havsdalslia beheld eksisterande planstatus fritidsbebyggelse i den reviderte kommuneplanen for 2024-2036.

Geilo, 13.06.2026



Eivind Aaker
Lienvegen 276
3580 Geilo